



## Rommetveit Båtlag Referat frå årsmøtet 2021

Årsmøtet for 2021 vart halde på Nordbygdo Ungdomskule, auditoriet  
24.03.2022 kl.18:00. Det var 37 frammøtte medlemmer.

### 1. Opning:

Møtet vart opna ved styreleiar som ynskte alle velkomen.

### 2. Val av møteleiar, referent og teljekorps:

Odd Magne Agdestein vart vald som møteleiar, Øyvind Bie referent, Kjetil Sele og Geir Inge Imsland teljekorps

### 3. Godkjenning av innkallinga:

Innkallinga vart godkjend.

### 4. Godkjenning av sakslista:

Sakslista vart godkjend, med endringar, innkomne forslag til vedtekter vert handsama samtidig med sak 10 vedtektsendringar.

### 5. Val av to medlemmer til å underskrive protokollen:

Ole Chr Kvamme og Kenneth Espeland vart valt

### 6. Årsmeldinga:

Årsmeldinga vart ikkje lest opp i sin heilheit då denne var utsendt på førehand, men gjennomgått og opna for spørsmål.

*Årsmelding godkjent*

### 7. Rekneskap 2021:

Økonomiansvarleg Pål Arne Haugland gjorde greie for resultatrekneskap, balanse, avskrivningar og likviditetsbudsjett.

*Rekneskapen vart godkjend av årsmøte*

### 8. Budsjett 2022

Økonomiansvarleg gjekk gjennom budsjett for 2022.

Budsjettet vart godkjent av årsmøte

### 9. Årsavgift lagring på land

1. Årsmøtet vedtek om det skal betalast årsavgift for langtidslagra båtar (meir enn eit år).
  - Årsmøtet vedtek om avgift for langtidslagra båtar skal krevjast inn for 2020
  - Årsmøtet vedtek om avgift for langtidslagra båtar skal krevjast inn for 2021
2. Årsmøte vedtek om det skal betalast avgift for hengarar langtidsparkert i hamna.
3. Det er ikkje tillete å setja opp frittstående temporære bygg på båtlaget sitt område.

Vedtaka vert innarbeid i hamnereglementet. Avgiftssatsar vert fastsett av årsmøtet.

### Vedtak:

Pkt 1 og 2. Vedteke med simpelt fleirtal med tilleggstekst:

Årsmøte fråfell krav om avgift for langtidslagra båtar for 2020 og 2021. Styret arbeider vidare med reguleringar/avgifter for båtar og hengarar lagra på land.

Pkt. 3. Samrøystes

## 8. Vedtektsendringar, forslag:

3 innkomne forslag med underpunkt, i tillegg til framlegg til vedtaksendringar frå styret.

### Sak

#### Vedtektsendring

#### Vedtekter for Rommetveit Båtlag

#### Utøve prent = nytt

~~Skravert = utgår~~

### § 1 Føremål

Rommetveit Båtlag skal arbeida for at alle medlemmer og andre med bruksrett skal få ei trygg og funksjonell båthamn. Laget skal arbeida for å skapa eit godt og positivt miljø for friluftsliv og båtsport.

### §2 Medlemskap (Gammel tekst)

I tillegg til einskildpersonar, kan også bedrifter, institusjonar, lag og organisasjonar få medlemskap i Rommetveit Båtlag. Ingen kan møta med meir enn ein representant med røysterett på årsmøtet, sjølv om dei kan få inntil 2 (to) plassar i laget si båthamn.

Både inn- og utmelding av laget skal skje skriftleg - innmeldinga på fastlagd skjema. Medlemskap inkl. båtplassar/bod kan overførast til ektefelle/sambuar, barn eller søsken. Eit medlem som ikkje rettar seg etter laget sine lover og reglar, kan missa medlemskapen etter styrevedtak. Eit slikt vedtak kan ankast inn for årsmøtet.

Tildeling av ledige båtplassar skjer ved ansiennitet.

### Ny § 2

#### § 2 Medlemskap

I tillegg til einskildpersonar, kan også bedrifter, institusjonar, lag og organisasjonar få medlemskap i Rommetveit Båtlag. Ingen kan møta med meir enn ein representant med røysterett på årsmøtet, sjølv om dei kan få inntil 2 (to) plassar i laget si båthamn.

#### A. Båtplass 2 vert tildelt etter tid på venteliste.

Vedtak: Mot 2 stemmer

#### B. Kwart medlem som eig båtplass(ar) kan kun ha ei bod.

Vedtak: Samrøystes

#### C. Ein kan ikkje eiga bod utan å eiga båtplass, dvs. at ved sal av båtplass må også bod seljast.

Vedtak: Samrøystes

#### D. Medlemskap kan overførast til ektefelle/sambuar.

Vedtak: Samrøystes

Både inn- og utmelding av laget skal skje skriftleg - innmeldinga på fastlagd skjema. Tildeling av **første** båtplass /bod skjer etter ansiennitet. Båtplassar/bod kan overførast til ektefelle/sambuar, barn eller søsken. **Medlem som gjennom sin oppførsel skadar båtlaget sin omdømme eller aktivitet**, eller ikkje rettar seg etter laget sine lover og reglar, kan missa medlemskapen etter styrevedtak. Eit slikt vedtak kan ankast inn for årsmøtet. **Sak om eksklusjon vert avgjort med simpelt fleirtal.**

Vedteke samrøystes

### § 3 Årsmøte

Årsmøtet skal haldast snarast mogeleg etter årskiftet og seinast innan 31.03. ~~Skriftleg~~ Innkalling skal sendast medlemmene minst tre - 3 - veker før møtedagen. ~~og skal annonserast i lokalpressa.~~ Saker som medlemmene vil ha handsama på årsmøtet må vera styret i hende innan fastsett frist før møtet. ~~minst ei veke før møtet.~~

Årsmøtet vel ordstyrar og referent og skal deretter handsama desse sakene:

- Årsmelding, rekneskap, budsjett,
- Kontingent, avgifter, innskot,

- Dugnadsinnsats
- Verdi av båtplassar
- -Innkome framlegg
- **Vedtektsendingar**
- Val

Alle val skal vera skriftleg dersom det er meir enn eitt framlegg på kandidatar til same vervet. Alle medlemmer som har røysterett kan veljast, men dei som alt har eit verv i laget kan be seg fritaken. Alle kandidatar må på førehand sei seg villige til å ta imot valet.

Årsmøtesakene vert avgjort med simpelt fleirtal om ikkje vedtektene seier noko anna.

*Vedtak: Samrøystes*

#### **§ 4 Omframnt årsmøte**

Omframnt årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemmene krev det. Innkallinga skal skje på same måte som for ordinært årsmøte.

Omframnt årsmøte kan berre handsama saker som ligg til grunn for innkallinga. Alle vedtak vert gjort etter dei same reglane som for ordinært årsmøte.

#### **§ 5 Medlemsmøte**

Medlemsmøte skal haldast når styret finn det ynskjeleg. Innkallinga skjer på den måten styret meiner er mest tenleg.

#### **§ 6 Styret**

Rommetveit Båtlag skal ha eit styre på seks - 6 - medlemmer, med tre - 3 – varamedlemmer. Alle vert valde av årsmøtet:

- \* Leiar (1 år) Kwart år.
- \* Økonomiansvarleg/Nestleiar (2 år) Kwart oddetals-år.
- \* Sekretær (2 år) Kwart partals-år.
- \* Hamneleiar (2 år) Kwart oddetals-år
- \* Tiltaksleiar (2 år) Kwart partals-år.
- \* Vedlikehaldsleiar (2 år) Kwart partals-år

Varamedlemmene har møterett i styret og bør i tillegg ha anna verv i laget: Desse blir valt kvart år.

Leiaren kallar inn til styremøte minst ei veke før møtet, ein regel som kan fråvikast i hastesaker. Styret skal stå for den daglege leiinga, og gjera vedtak i saker som ikkje skal avgjerast av Årsmøtet. Alle saker vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er leiar si røyst avgjerande. Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer er tilstades. Sekretæren skal føra møtebok for alle styremøte. Økonomileiaren/Nestleiareren har ansvar for medlemsarkiv, rekneskap, og budsjett, samt vera stedfortreder for leiaren. Han skal også sjå til at vedteke budsjett vert fylgt.

#### **§ 7 Andre komitèar og nemnder**

Hamneleiaren er også leiar av laget sin hamnekomité på minst 3 medlemmer. Hamnekomiten skal ha oppsyn med hamna og leia dugnads- tilsynsarbeidet saman med vedlikehaldsleiar. I tillegg har dei oppgåver i samsvar med eige reglement.

Tiltaksleiar er leiar for laget sine tiltak og arrangement og leier arrangementkomiteen Husleiar har ansvar for dagleg administrasjon av lagshuset og rapporterer til sekretær.

#### **§ 8 Kontingent, årsavgift, innskot og dugnad**

Årsmøtet skal kvart år fastsetja:

- ..Medlemskontingenten.
- ..Årsavgifta for båtplassane.
- ..**avgift for langtidsopplag på Land**
- ..**Årsavgift for hengarar.**
- ..Den årlege dugnadsinnsatsen pr. båtplass.
- ..Timepris for ikkje utført dugnad.
- ..~~Storleiken på innskot og dugnadsinnsats for tildeling av plass i båthamna.~~
- ..Verdien av båtplassar ~~som skiftar eigar~~
- ..**Verdiar på boder**
- ..Årsavgift boder
- ..Pris sublift

#### 1. april er fristen for innbetaling av kontingent og årsavgift.

Viss ikkje kontingent og årsavgift er betalt til båtlaget etter to – 2 purringar, vil det blir sendt eit siste brev rekommandert til medlemmet der konsekvensen blir forklart. Konsekvensen er å bli stroke som medlem av Rommetveit båtlag. Den same konsekvens vert gjort gjeldande om medlem ikkje betalar avgifter eller kontingentar og/eller det ikkje er mogleg å finna/få kontakt med vedkommande i løpet av 2 år.

Vedtatt med 2/3 fleirtall (einstemming)

### § 9 Vedtektsendring

Desse vedtektene kan berre endrast på ordinært eller omframnt årsmøte

Framlegg til endringar må vera oppført på sakslista, og krev 2/3 fleirtal frå dei frammøtte medlemmene for å verta godkjende.

### § 10 Oppløysing

Rommetveit Båtlag kan berre løysast opp dersom eit årsmøte vedtek det med 2/3 fleirtal. Framlegg til oppløysing må stå på sakslista som går ut til medlemene minst tre - 3- veker før årsmøtet. Dersom oppløysing vert vedteke, skal det haldast omframnt årsmøte ein månad seinare. For at laget skal verta oppløyst, må vedtaket stadfestast også her med 2/3 fleirtal. Ved oppløysing vedtek årsmøtet kva båtlaget sine midlar skal nyttast til. Årsmøtet som vedtek oppløysing, vel eit styre på minst tre -3- medlemmer som i samråd med kommunale forvaltningsorgan disponerer midlane.

## 11. Kontingent, avgifter, innskot, verdi av båtplassar etc

Styrets forslag:

- Kontingent, uendret kr 300
- Årsavgifter båtplass og bod oppjusteres 3% (avrunding opp og ned forekommer)
- Verdi båtplass og boder oppjusteres 3% (avrunding opp og ned forekommer)
- Sublift: Se tabell under
- Strøm kr 2,5 kW
- Oblat for parkering av båthengerer kr 100,-

Forslag til nye satser båtplasser og boder 2022

						Forslag 2022			
Type	Bredd	lengd	Uterigger	Ganob	farvekode	2021	2021	2022	2022
1	2,2	4,		Ingen sider		47	1	49	1
2	2,2	6,	1	6 + 0m uterigg		57	1	59	1
3	2,2	6,	2	6 + 6m uterigg		61	1	63	1
4	2,7	6,	1	6 + 0m uterigg		66	1	68	1
5	2,7	6,	2	6 + 6m uterigg		70	1	72	1
6	3,2	8,	1	8 + 0m uterigg		75	1	78	1
7	3,2	8,	2	8 + 8m uterigg		80	1	82	1
8	3,7	8,	1	8 + 0m uterigg		84	2	87	2
9	3,7	8,	2	8 + 8m uterigg		88	2	91	2
10	4,2	10,	1	10 + 0m		111	2	114	2
11	4,2	10,	2	10 + 10m		118	2	122	2
12	3,7	10,	2	10 + 10m		105	2	108	2
13	3,2	6,	1	6 + 0m uterigg		73	1	75	1
14	3,2	6,	2	6 + 6m uterigg		77	1	79	1
15	4,7	10,	2	10 + 10m		127	2	131	2
16	4,7	10,	2	10 + 8m		118	2	121	2
17	5,0	13,	2	13 + 13m		164	3	169	3
18	2,7	8,	2	8 + 8m uterigg		72	1	75	1
19	2,2	4,		halv plass			780	-	800
20	2,2	5,		Jolleplass			780	-	800
21	2,5	5,		Jolleplass			780	-	800
22	4,7	10,	1	10 + 0m		120	2	123	2
J02	2,2	6,	1	6+ 0m uterigg		32	1	33	1
50	-	-		Bodplass		31	350	32	360

## Forslag til nye satser for Sublift

Rommetveit Båtlag 2022		
Prisar ved bruk av Sublift		
	Medlem med plass i havna	
Størrelse	Pris	Forslag Pri s
Båt opp tom 24'	300	410
Båt fra 25' tom	400	550
Båt fra 31' tom	500	680
Båt fra 36' tom	600	820

**Vedtatt. Ei stemme i mot vedrørende aukning båtplass avgift**

### Innkomne forslag

Til årsmøtet i Rommetveit Båtlag 24.03.2022.

Framlegg frå lagsmedlem Olav Fjell - datert 07.03.2022:

#### A. Forslag til vedtektsendringar - (pkt. 12 på saklista)

##### Til «§ 1 Føremål» :

Framlegg til vedtak: (Leggjast inn etter teksten som står frå før.)

- Laget skal arbeida for minst mogleg påverknad på miljø og klima frå eigen aktivitet/eiga verksemd. 18 for 9 i mot.
- **Ikkje vedtatt**
- Laget skal arbeida for å skapa ein god etisk praksis ved å ha fokus på ytringsfridom, likestilling og mangfald, slik at alle, same kva gruppe ein representerer, blir handsama på ein inkluderande, respektfull og rettferdig måte.  
**20 Stemte for ikkje vedtatt**
- Laget skal arbeida for å utvikla/vidareutvikla eit positivt omdømme.  
**25 stemte for vedtatt med 2/3 fleirtall**

##### Til «§ 3 Årsmøte» :

Framlegg til vedtak: (Leggjast inn etter teksten «- Verdi av båtplassar»)

- «Årsmøtet vedtek hamnereglane. Ved akutte behov kan styret gjera vedtak om mellombels ordning, som så må handsamast av årsmøtet»  
**Forslagstiller trekte forslaget**

##### Til «§ 7 Andre komitéar og nemnder» :

Framlegg til vedtak: (Leggjast inn etter teksten «Årsmøtet skal og velja ei valnemnd. .... for eitt år.»)

- «Styremedlemer kan ikkje sitja i valkomitéen.»  
**15 av 36 for, forslaget falt**

**Til «§ 8 Kontingent, årsavgift, innskot og dugnad» :**

Framlegg til vedtak: (Leggjast inn etter teksten «Årsavgifta for båtplassane»)

«..Avgifter for lagring på land.»

**B. Forslag til avgifter for lagring på land i båthamna – (pkt. 9 på saklista)**

***Forslagstillar trekte alle framlegg under pkt. B.***

Framlegg til vedtak:

**1) Årsavgift for båtar som er heilårslagra på land:**

<i>Båtar, til og med 20 fot</i>	<i>- kr. 600,- ,</i>
<i>Båtar, mellom 20 og 30 fot</i>	<i>- kr. 800,-</i>
<i>Båtar, over 30 fot</i>	<i>- kr. 1.000,-</i>

**2. Årsavgift for båtar som er vinter-sommarlagra på land:**

Styret arbeider vidare med å finna føremålstenelege ordningar og ev. forslag om avgifter når det gjeld vinter-/sommarlagring av båtar på land.

**3. Årsavgift for lagra båthengjar: kr. 600,-**

**4. Generelle reglar for lagring av båtar/båthengjarar (Bør inn i hamnereglane):**

- *Det er berre båtplasseigarar som har høve til å ha båt/båthengjar lagra på land.*
- *Det er berre lov å lagra båt/båthengjar på tilvist plass.*
- *Ein kan berre lagra ein båt/båthengjar per båtplass ein eig.*
- *Opp- og utsetjing av båtar skal registrerast av liftkøyrar eller meldast til hamneleiar.*
- *Alle lagra båtar/båthengjarar skal registrerast.*
- *Alle båthengjarar skal merkast med namn, medl.nr., registr.nr. og telefonnummer.*

Forslag B, punkt 1, 2 3 og 4. Styret arbeider vidare med å finna føremålstenlege ordningar og ev. forslag om avgifter som berører opplista punkter

***Det vart ikkje stemt over forslaga, då forslagstillar trekte alle framlegg under pkt. B.***

**C. Forslag når det gjeld styregodtgjersle.**

Framlegg til vedtak:

***«I og med at det er vedteke eit honorar på kr. 10.000,- per styremedlem i Rommetveit Båtlag, bør tidlegare vedtak om fri båtplassavgift for styremedlemene i laget, takast bort.»***

Forslaget falt mot 8 stemmer

## VAL

**Leiar:** Odd Magne Agdestein, attvald

**Økonomi leiar/nestleiar:** Pål Arne Haugland, ikkje på val

**Sekretær:** Kari Almås Ny

**Hamneleiar:** Svein Onarheim, Ikkje på val

**Tiltaksleiar:** Kjetil Sele, attvald

**Vedlikehaldsleiar:** Oddbjørn Finseth, ny

### **Varamedlemmer til styret:**

Øyvind Bie\* Ny. Tore Østrem og Geir Inge Imsland, attval

**Arrangementskomité:**, Kari Aas, Ernst Wilhelmsen, Ninni Alice Botnen Nesbø, Tove C. Aas Lindahl. Alle attvald.

**Hamne komité:** Bjarne Engevik, Gunnar Førland, Tore Østrem og Gunnar Oma, Karsten Tyse. Alle attvald. Ole Gjert Hansen (ny), Kenneth Espeland (ny) Oddbjørn Finseth (ny) vedlikehaldsleiar.

**Hus leiar:** Margunn Liv Oma. Attvald

**Revisorar:** Sigurd T. Bendixen, attvald, Reidar Holsen ikkje på val

**Valkomité:** Leiar Johnny Berge Olsen Ikkje på Val, Øyvind Bie, attvald, Nelly Karin Oma ny.

### **12. Avslutning:**

Avtroppande medlemer i styre fekk blomar for godt utført arbeid gjennom fleire år

Møteleiaren / formannen takka alle for frammøte for eit godt årsmøte.

*\*Øyvind Bie forsett som sekretær fram til Kari Grøsvik Almås er tilbake frå utenlandsopphald.*

**24.03.2022**

Øyvind Bie, referent.

-----

Ole Chr Kvamme

Kenneth Espeland